



Kartverket

MELAND KOMMUNE
Postboks 79

5906 FREKHAUG
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	12968096	Dato:
	Sak/dok.:	18/20242-1	25.04.2018
	Ark.:	346	

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 19 bnr. 8 og 28 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring samt erklæring vedkommande unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det er registrert ein uråderett på eigedommen gnr. 19 bnr. 28. For å få tinglyst dokumentet må de leggje fram eit skriftleg samtykke til tinglysing frå Weboppgjør AS.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.